

**EIENDOMSSKATTELOVEN MED DE ENDRINGER SOM  
INNTAS I LOVEN 01.01.2019 –  
NY LOVTEKST MED RØD SKRIFT**



**Lov om egedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova)**

Dato	06.06.1975 nr. 29
Departement	Finansdepartementet
Sist endret	LOV-2015-12-18-110 fra 01.01.2018, LOV-2017-06-21-86
Publisert	ISBN 82-504-1255-9
Ikrafttredelse	
Rettsområde	Skatte- og avgiftsrett ► Eiendomsskatt
Kunngjort	
Korttittel	Eigedomsskattelova

---

**1. kapitlet. - Kva lova gjeld.**

§ 1. Egedomsskatt til kommunane vert utskrivne etter reglane i denne lova.

Med skatteår er i lova meint det almanakkåret (budsjettåret) som eigedomsskatten vert utskrivne for.<sup>1</sup>

Med eigedomsskattekontoret er meint det kontoret som har med å skriva ut skatten.<sup>2</sup>

1 Jf. lov 25 sep 1992 nr. 107 kap. 8.

2 Jf. kap. 5.

§ 2. Kommunestyret<sup>1</sup> avgjer om det skal skrivast ut eigedomsskatt i kommunen.

1 Sjå lov 25 sep 1992 nr. 107 kap. 2.

§ 3. <sup>1</sup> Kommunestyret kan skrive ut eigedomsskatt på anten

- a) faste eigedomar<sup>2</sup> i heile kommunen,<sup>3</sup> eller
- b) faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang,<sup>4</sup> eller
- c) berre på **kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglare for petroleum**, eller
- d) berre på **næringseidedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglare for petroleum**, eller
- e) eigedom både under bokstav b og c, eller

## Vedlegg 3 til KSEs veileder om nye regler i eiendomsskatteloven fra januar 2019

- f) egedom både under bokstav b og d, eller
- g) faste egedomar i heile kommunen, unntake **næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.**<sup>6</sup>

Til kommunen vert rekna sjøområde<sup>7</sup> ut til grunnlinjene.<sup>8</sup>

0 Endra med lover 28 juni 1996 nr. 47, 16 juni 2006 nr. 25 (f o m skatteåret 2007), sjå dens III, 11 des 2009 nr. 117 (f o m skatteåret 2010), sjå dens III, 10 des 2010 nr. 61 (f o m skatteåret 2011), 9 des 2011 nr. 47 (f o m skatteåret 2012). Vert endra med lov 19 des 2017 nr. 118 (med virkning frå skatteåret 2019, sjå overgangsregel i lova).

1 Jf. § 12.

2 Jf. § 4 (2) og (3).

3 Jf. § 5 og § 7.

4 Jf. § 7.

5 Jf. § 4 (2) andre til fjerde punktum og (3) og § 12, e.

6 Jf. § 4 (2) femte punktum.

7 Jf. § 4 (3).

8 Jf. lov 27 juni 2003 nr. 57 § 1.

## 2. kapitlet. - Skattepliktige egedomar.

**§ 4.**<sup>1</sup> Egedomsskatt vert skiven ut på dei faste egedomane<sup>2</sup> ut frå tilhøva den 1. januar i skatteåret.<sup>3</sup>

Til faste egedomar vert rekna bygningar og tomt som hører til, huslause grunnstykke som hagar, lykkjer, vassfall, laste-, opplags- eller arbeidstomter, bryggjer og liknande og likeeins **næringsseigedom**. Til **næringsseigedom** vert m.a. rekna fabrikkar, sagbruk, industrielle verk, steinbrot, losse- og lasteplassar og liknande arbeids- og driftsstader samt kontorlokale, butikk, hotell og serveringsstad mv. **Produksjonsutstyr og –installasjoner skal ikke rekna med i egedomsskattegrunnlaget for næringsseigedom.** Til **næringsseigedom** vert ikkje rekna kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. For vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum skal arbeidsmaskinar og tilhørsle og ting som kan setjast i klasse med slikt ikke rekna med utan tingen er ein part av sjølve føretaket.<sup>5</sup>

Flytande anlegg i sjø<sup>6</sup> for oppdrett av fisk, skjell, skalldyr og andre marine artar<sup>7</sup> vert jamnstelt med **næringsseigedom og anlegg nemnde i andre leden fjerde punktum**, når anlegget har vore stasjonert i kommunen i over 6 månader i året før skatteåret. Egedomsskatt vert då skiven ut sjølv om anlegget ikkje var stasjonert i kommunen 1. januar i skatteåret. Verdsetjinga av anlegget skjer jamvel etter tilhøva denne datoен. Til slikt anlegg vert rekna dei fysiske installasjonane som merder, flytemodul, fôringmaskin, fôringslager, opphaldsrom og sanitæranlegg og liknande, samt anker, lodd og liknande til forankring.

### Merknad til endringene i § 4:

Selv om loven ikke lenger skiller mellom næringseiendom og verk og bruk, er lovteknikken med å gi eksempler på ulike typer eiendom (fast eiendom, næringseiendom og oppdrettsanlegg) beholdt. Alternativet ville vært å lage en legaldefinisjon. En god del eksempler på det som var verk og bruk er naturlig nok fjernet (gjelder *fiskevær, saltehus, lenser, utbygde vassfall og vassfallstykke, demningsverk, møllebruk, skipsvervar og gruver*). Det er likevel ingen tvil om at også dette er næringseiendommer etter loven.

0 Endra med lover 16 juni 2006 nr. 25 (f o m skatteåret 2007), 12 des 2008 nr. 90 (f o m skatteåret 2009), 10 des 2010 nr. 61 (f o m skatteåret 2011). Vert endra med lov 19 des 2017 nr. 118 (med virkning frå skatteåret 2019, sjå overgangsregel i lova).

## Vedlegg 3 til KSEs veileder om nye regler i eiendomsskatteloven fra januar 2019

1 Jf. § 12.

2 Jf. § 5 og § 6.

3 Sjå § 1 (2).

4 Jf. § 12, e.

5 Jf. § 8A-2 (2).

6 Jf. § 3 (2).

7 Jf. lov 17 juni 2005 nr. 79.

### Overgangsregel til egedomsskattelova §§ 3 og 4<sup>1</sup>:

Kommunar som i skatteåret 2018 skrev ut egedomsskatt på verk og bruk kan frå og med skatteåret 2019 til og med skatteåret 2024 i staden for eller i tillegg til utskriving etter § 3 skrive ut egedomsskatt på eit særskilt fastsett grunnlag. Det særskilte grunnlaget skal baserast på differansen mellom egedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og -installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget. Dette særskilte grunnlaget skal i 2019 vere lik seks sjudelar av differansen, og reduserast med ein sjudel kvart påfølgjande år. Skattesatsen ved slik avtrappa utskriving kan ikkje vere høgare enn den som blei nytta for dei same egedomane for skatteåret 2018.

Kommunar som ikkje skriv ut egedomsskatt på næringseigedom etter § 3, men som i skatteåret 2018 skrev ut egedomsskatt på verk og bruk, kan i perioden nemnd i første ledd første punktum skrive ut egedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av egedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i skatteåret 2018.

### § 5. Fri for egedomsskatt er:

a) Egedom som staten eig, så langt

- egedomen vert nytta av Kongen eller kongehuset, Stortinget eller Regjeringa
- egedomen vert nytta til kulturelle føremål, slik som idrettsanlegg, musé, teater, skulpturar m.v.
- egedomen har historisk bygg eller anlegg<sup>1</sup>
- egedomen vert nytta av Forsvaret til forsvarsanlegg, avgrensa leirområde eller militært øvingsområde
- egedomen tilhører staten sine samferdselsforetak så langt dei tener ålmennytige føremål<sup>2</sup>
- egedomen er vassfall, fabrikk eller anna føretak som staten eig og som tener ålmennytige føremål<sup>3</sup>

b) Egedom som høyrer til jernvegar til ålmenn bruk, så langt og så lenge egedomen vert nytta i verksemda.

c) Kyrkjer.

d) Egedomar som kommunen sjølv eig.

e) Legasjons- og konsulateigedomar som ein annan stat eig, når den andre staten fritek norsk egedom for tilsvarande skatt hjå seg.

f) Egedom som statens lufthamnsselskap eig, i same omfang som fritaket for statens egedom etter bokstav a femte strekpunkt.

g) Egedom som helseforetak<sup>4</sup> eig, i same omfang som fritaket for statens egedom etter bokstav a sjette strekpunkt.

h) Egedom som vert driven som gardsbruk eller skogbruk, herunder gartneri og planteskule tilknytta slik drift.

i) Ikkje utbygd delar av Finnmarkseiendommen<sup>5</sup> sin grunn i Finnmark fylke. Dette fritaket gjeld likevel

<sup>1</sup> Merknad: Det er foreslått presiseringer i denne overgangsregelen, jf. revidert nasjonalbudsjett for 2018. Presiseringene som forventes å bli vedtatt er inntatt her.

**Formatert:** Understrekning, Skriftfarge: Grønn

**Formatert:** Skriftfarge: Grønn

### Vedlegg 3 til KSEs veileder om nye regler i eiendomsskatteloven fra januar 2019

ikkje tomteareal, jamvel om arealet ikkje er utbygd enno.

- j) Område som er vedteke verna som nasjonalpark eller naturreservat i medhald av lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). Fritaket gjeld også for område verna som nasjonalpark eller naturreservat etter den tidlegare lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern. Fritaket gjeld ikkje bygning med tomt og tomteareal, jamvel om arealet ikkje er utbygd enno.
- k) Lavproduktiv grunneigedom som staten eig direkte eller indirekte, så langt den tener ålmennytige føremål. Fritaket gjeld ikkje bygning med tomt og tomteareal, jamvel om arealet ikkje er utbygd enno.

Departementet kan gje nærmere regler til utfylling og avgrensing av denne bestemmelsen.

0 Endra med lover 15 mai 1992 nr. 45, 13 des 2002 nr. 85 (ikr. 1 jan 2003 iflg. res. 13 des 2002 nr. 1498), 12 des 2003 nr. 103 (f o m eigidomsskatteåret 2004), 16 juni 2006 nr. 25 (f o m skatteåret 2007), 9 mai 2008 nr. 20 (f o m skatteåret 2007), 12 des 2008 nr. 90 (f o m skatteåret 2009), 7 des 2012 nr. 73 (f o m skatteåret 2013).

1 Jf. lov 9 juni 1978 nr. 50 § 22 a.

2 Sjå òg bokstav f.

3 Sjå òg bokstav g.

4 Jf. lov 15 juni 2001 nr. 93.

5 Jf. lov 17 juni 2005 nr. 85 kap. 2 og 3.

### § 6. (Oppheva med lov 15 mai 1992 nr. 45.)

#### § 7. Kommunestyret kan fritaka desse eigedomane heilt eller delvis for eigidomsskatt:

- a) Eigedom åt stiftingar<sup>1</sup> eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten.
- b) Bygning som har historisk verde.<sup>2</sup>
- c) Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære.<sup>3</sup> Fritaket kan gjelda i opptil 20 år frå den tida bygningen vart ferdig. Formannskapet eller det utvalet som er nemnt i kommuneloven<sup>4</sup> § 10, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.
- d) Bygning og grunn i visse luter av kommunen.
- e) Fritidsbustader

0 Endra med lover 20 juni 2003 nr. 45 (ikr. 1 juli 2003 iflg. res. 20 juni 2003 nr. 712), 16 juni 2006 nr. 25 (f o m skatteåret 2007), 17 juni 2016 nr. 35 (ikr. 1 jan 2017).

1 Jf. lov 15 juni 2001 nr. 59.

2 Sml. lov 9 juni 1978 nr. 50.

3 Jf. § 11 annet ledd.

4 Lov 25 sep 1992 nr. 107.

## 3. kapitlet. - Skattegrunnlaget.

### § 8. (Oppheva med lov 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013).)

#### § 8 A. Allmenne føresegner

0 Føyd til med lov 15 des 2000 nr. 89 (f o m eigidomsskatteåret 2001), endra med lov 7 des 2012 nr. 73 (f o m skatteåret 2013).

#### § 8 A-1. Verkeområdet

- (1) Eigidomsskatten skal reknast ut etter verdet som eigedomen vert sett til etter reglane i §§ 8 A-2 til 8 A-4.<sup>1</sup>

### Vedlegg 3 til KSEs veileder om nye regler i eiendomsskatteloven fra januar 2019

(2) For anlegg for produksjon av elektrisk kraft skal eigedomsskatten reknast ut etter verdet som eigedomen vert sett til etter reglane i § 8 B flg.

(3) Første ledd gjeld ikkje bustader som vert verdsette etter reglane i § 8 C.

0 Føyd til med lov 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013), tidlegare § 8A-1 endra paragrafnummer til § 8B-2, endra med lov 7 des 2012 nr. 73 (f o m skatteåret 2014).

1 Jf. § 8 C-1.

#### § 8 A-2. Verdet

(1) Verdet av eigedomen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eigedomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal. **Verdet av næringseigedom skal setjast til teknisk verde når det ikkje er mogleg å fastsetje verdet etter regelen i første punktum.**

(2) **Verdet av vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum skal setjast til teknisk verde, eller avkastningsverde når det gir best uttrykk for verdet.**

0 Føyd til med lov 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013), tidlegare § 8A-2 endra paragrafnummer til § 8B-3. Vert endra med lov 19 des 2017 nr. 118 (med virkning frå skatteåret 2019).

1 Sml. sktl. § 4-1.

2 Jf. § 4 (2) fjerde punktum.

#### § 8 A-3. Verdsetjing<sup>1</sup>

(1) Eigedomen skal verdsetjast ved takst.

(2)<sup>2</sup> Det skal vere ei allmenn taksering i kommunen kvart tiande år. Dersom det ligg føre særlege tilhøve, kan kommunestyret<sup>3</sup> avgjere at ny taksering skal skje tidlegare eller seinare enn dette, men ikkje seinare enn tre år etter at siste allmenne taksering skulle ha skjedd. Kommunen dekkjer kostnadene ved taksering, og kommunestyret utnemner dei personane som skal stå for takseringa.

(3) Formannskapet<sup>4</sup> eller skattytar<sup>5</sup> kan krevje overtakst.

(4) Kommunestyret kan i staden for løysinga i andre ledd, utnemne ei sakkunnig nemnd som skal setje taksten på grunnlag av forslag frå tilsette synfaringsmann.

(5) Omtaksering av ein eigedom skal skje dersom det i tida mellom dei allmenne takseringane, ligg føre ein av dei følgjande grunnane:

a) eigedomen er delt,

b) bygningar på eigedomen er rive eller øydelagt av brann eller liknande, eller

d) det er ført opp nye bygningar eller gjort monalege forandringer på eigedomen.

(6) Dersom verdet til ein eigedom er vesentleg forandra i høve til andre eigedomar, kan formannskapet så vel som skattytar krevje særskild taksering i tida mellom dei allmenne takseringane. Skattytar som krev omtaksering etter dette og førre ledd, må sjølv dekke kostnadene med takseringa. Krav om omtaksering må være stilt innan 1. november i året før skatteåret.

0 Føyd til med lov 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013), tidlegare § 8A-3 endra paragrafnummer til § 8B-4.

1 Jf. § 31 (2).

2 Jf. § 8A-4 (2) andre punktum.

3 Jf. lov 25 sep 1992 nr. 107 § 7.

4 Jf. lov 25 sep 1992 nr. 107 § 8.

5 Sml. § 19.

#### § 8 A-4. Kontorjustering

### Vedlegg 3 til KSEs veileder om nye regler i eiendomskattelova fra januar 2019

(1) I staden for ny allmenn taksering kan kommunestyret gjere vedtak om auke av det verdet (taksten) som egedomen blei sett til ved den siste allmenne takseringa for utskriving av egedomsskatt. Kommunestyret kan dessutan gjere vedtak om at det skal gjerast eit tilsvarande tillegg for dei egedomane som er verdsett særskild<sup>1</sup> før eit tidspunkt som kommunestyret fastset.

(2) Auken kan skje stevvis over fleire år, men må ikkje vere meir enn 10 prosent av det opphavlege skattegrunnlaget for kvart år etter 10-årsfristen for den siste allmenne takseringa,<sup>2</sup> likevel slik at skatteåret 1983 vert rekna som første året for slike tillegg. Fristreglane i § 8 A-3 andre ledd gjeld ikkje for kontorjustering.

0 Føyd til med lov 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013), tidlegare § 8A-4 endra paragrafnummer til § 8B-5.

1 Jf. § 8A-3 (6).

2 Jf. § 8 A-3 (2).

### § 8 B. Kraftanlegg

0 Føyd til med lov 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013).

#### § 8 B-1. Skattegrunnlag for kraftanlegg

(1) Egedomsskatt for anlegg for produksjon av elektrisk kraft skal rekna ut etter verdet (taksten) som anlegget vert sett til ved fastsetjinga av formues- og inntektskatt året før skatteåret. Driftsmiddel som er knytta til kraftproduksjonen og heilt eller delvis inngår i verdet etter første punktum, og uavhengig av om det er ein del av kraftanlegget etter skatteloven § 18-1, kan berre verdsetjast særskilt med den andel av driftsmiddelet som ikkje er knytt til kraftproduksjonen etter skatteloven § 18-5 fjerde leden. Dette gjeld likevel ikkje for driftsmiddel som ligg i ein annan kommune enn kraftanlegget.

(2) Vert det med heimel i § 12, bokstav b nyttar ulike skattøyrar for bygningar og grunn, skal det fastsetjast særskilde skattegrunnlag for bygningar og for grunn i samband med den fastsetjinga som er nemnt i første leden.<sup>2</sup>

(3) Er det klag på verdsetjinga, eller er verdsetjinga under prøving for domstolane, skal egedomsskatten likevel rekna ut etter det verdet som vart sett ved fastsetjinga av formues- og inntektskatt. Når spørsmålet er endeleg avgjort, skal skatten rettast i samsvar med den siste avgjerda.

(4) Verdet (taksten) av anlegg som nemnt i skatteloven § 18-5 første leden skal ikkje setjast lågare enn kr 0,95/kWh eller høgare enn kr 2,74/kWh av 1/7 av grunnlaget for anlegget si samla produksjon av elektrisk kraft for inntektsåret og dei seks foregående åra. Har kraftanlegget vore i drift i færre enn sju år, vert gjennomsnittet for desse åra lagt til grunn for utrekninga.

0 Føyd til med lov 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013), endra med lov 27 mai 2016 nr. 14 (ikr. 1 jan 2017 iflg. res. 27 mai 2016 nr. 531). Vert endra med lov 19 des 2017 nr. 118 (med virkning frå skatteåret 2019).

1 Jf. § 1 (2).

2 Jf. § 9 tredje punktum.

#### § 8 B-2. Kommunefordeling av grunnlaget for egedomsskatt for kraftanlegg sett i drift pr. 1. januar 2000

(1)<sup>1</sup> Kommunefordeling av grunnlaget for egedomsskatt for kraftanlegg med kraftstasjon med installert effekt på eller over 1.000 kW sett i drift pr. 1. januar 1997, skal byggje på plasseringa pr. 1. januar 2000 av slike særskilte driftsmiddel i kraftanlegget som nemnt i § 1-1 andre leden i forskrift av 20. januar 1997 nr. 79 om fastsettelse av skattemessige inngangsverdier pr. 1. januar 1997 for særskilte driftsmidler i kraftforetak og det fastsette gjenanskaffingsverdet (GAV)<sup>2</sup> for slike driftsmiddel etter reglane i kapittel 2 i same forskrift. Kommunefordelinga av skattegrunnlaget skal skje i same høve som GAV for dei særskilte driftsmiddel i kraftanlegget som ligg i den einskilde kommunen, har til samla GAV for alle særskilte driftsmiddel i kraftanlegget. Fordelinga av GAV på dei særskilte driftsmiddel som ligg i kvar kommune, skal byggje på oppgåver frå Norges vassdrags- og energidirektorat og retningsliner fastsett av departementet. GAV for

### Vedlegg 3 til KSEs veileder om nye regler i eiendomskatteloven fra januar 2019

adkomstanlegg skal ikke medrekna. GAV for reguleringsanlegg med tilhørende driftsmiddel skal fordelast mellom alle kraftanlegg som har kraftstasjonar med installert effekt på eller over 1.000 kW som ligg nedanfor reguleringsanlegget, i høve til registrerte energiekvivalenter registrert hos Norges vassdrags- og energidirektorat for desse kraftstasjonane pr. 1. januar 2000.

(2) Kostpris for investeringar i særskilte driftsmiddel i kraftanlegg som nemnt i første leden og som vart ført i skatterekneskapet første gong for inntektsåret 1997 eller seinare år, skal nyttast som grunnlag for korrigering av den kommunefordeling av skattegrunnlaget som vert fastsett etter første leden. Slik korrigering vert første gong gjennomført med verknad for egedomsskatteåret 2005.

(3) Ved kommunefordeling av egedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg med kraftstasjonar med installert effekt på eller over 1.000 kW sett i drift etter 1. januar 1997, med tilhørende særskilte driftsmiddel som ikke vart omfatta av GAV fastsett pr. 1. januar 1997, vert gjenanskaffingsverdet for slike driftsmiddel pr. 1. januar 2000 fastsett av Norges vassdrags- og energidirektorat. Ved fastsetjing av gjenanskaffingsverdet for slike driftsmiddel gjeld reglane i forskrift av 20. januar 1997 nr. 79 om fastsettelse av skatemessige inngangsverdier pr. 1. januar 1997 for særskilte driftsmidler i kraftforetak, tilsvarende. Reglane i første leden gjeld tilsvarende.

(4) Ved kommunefordeling av egedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg med kraftstasjonar med installert effekt under 1.000 kW sett i drift pr. 1. januar 2000, gjeld reglane i § 8 B-3 første leden første og andre punktum tilsvarende.

(5) Ved kommunefordeling av egedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg som nemnt i tredje og fjerde leden, gjeld korrigeringsregelen i andre leden tilsvarende for investeringar som vart ført i skatterekneskapet første gong for inntektsåret 2000 eller seinare år.

(6) Som GAV etter denne paragraf skal rekna dei verdiar som vart fastsett av NVE og rapportert i 1997 og i 2001 etter § 2-3 i forskrift av 20. januar 1997 nr. 79 om fastsettelse av skatemessige inngangsverdier pr. 1. januar 1997 for særskilte driftsmidler i kraftforetak, jf. § 2 nr. 2 i forskrift av 20. desember 2000 nr. 1343 om kommunefordeling av grunnlaget for egedomsskatt for kraftanlegg.

0 Føyd til med lov 15 des 2000 nr. 89 (f o m egedomsskatteåret 2001), endra med lover 15 juni 2001 nr. 46 (f o m egedomsskatteåret 2001), 21 des 2001 nr. 104 (f o m egedomsskatteåret 2001), 20 des 2002 nr. 95, 12 des 2003 nr. 103, 22 juni 2012 nr. 44 som endra med lov 7 des 2012 nr. 79 (f o m skatteåret 2013), endra paragrafnummer frå § 8A-1.

1 Jf. § 8 A-2.

2 Sjå sjette ledd.

### § 8 B-3. Kommunefordeling av grunnlaget for egedomsskatt for kraftanlegg sett i drift etter 1. januar 2000

(1) Kommunefordeling av grunnlaget for egedomsskatt for kraftanlegg sett i drift etter 1. januar 2000, skal bygge på plasseringa av slike særskilte driftsmiddel i kraftanlegget som nemnt i § 8 B-2 første leden pr. 1. januar i skattefastsetjingsåret. Kommunefordelinga av skattegrunnlaget skal skje i same høve som kostpris for dei særskilte driftsmiddel i kraftanlegget som ligg i den einskilde kommune, har til samla kostpris for alle særskilte driftsmiddel i kraftanlegget. Har slike kraftanlegg kraftstasjonar med installert effekt over 1.000 kW som ligg nedanfor eldre reguleringsanlegg, skal det takast omsyn til reguleringsanlegget med tilhørende driftsmiddel med dei verdiar som nemnt i § 8 B-2 første og andre leden.

(2) Kostpris for investeringar i særskilte driftsmiddel som nemnt i § 8 B-2 første leden i seinare inntektsår enn det året då kraftanlegget vart sett i drift, skal nyttast som grunnlag for korrigering av den kommunefordeling som vert fastsett etter første leden.

(3) Reglane i første leden gjeld tilsvarende for fordeling av egedomsskattegrunnlag fastsett etter skatteloven<sup>1</sup> § 18-5 sjette leden.

0 Føyd til med lov 15 des 2000 nr. 89 (f o m egedomsskatteåret 2001), endra med lov 22 juni 2012 nr. 44 som endra med lov 7 des 2012 nr. 79 (f o m skatteåret 2013), endra paragrafnummer frå § 8A-2, 27 mai 2016 nr. 14 (ikr. 1 jan 2017 iflg. res. 27 mai 2016 nr. 531).

1 Lov 26 mars 1999 nr. 14.

## Vedlegg 3 til KSEs veileder om nye regler i eiendomsskatteloven fra januar 2019

### § 8 B-4. Kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt som verdsetjingsreglar ved utskriving av eigedomsskatt

Kommunar som får tildelt ein andel av eigedomsskattegrunnlag for kraftanlegg etter reglane i §§ 8 B-2 og 8 B-3 skal legge denne andel til grunn ved utskriving av eigedomsskatt på kraftanlegget.

0 Føyd til med lov 15 des 2000 nr. 89 (f o m eigedomsskatteåret 2001), endra med lov 22 juni 2012 nr. 44 som endra med lov 7 des 2012 nr. 79 (f o m skatteåret 2013), endra paragrafnummer frå § 8A-2.

### § 8 B-5. Gjennomføringsreglar

Reglane i skatteforvaltningsloven<sup>1</sup> gjeld tilsvarende så langt dei passer ved fastsetjing av kommunefordeling av eigedomsskattegrunnlag etter reglane i denne lova. Nærmore reglar om utfylling og gjennomføring av denne paragraf vert fastsett av departementet i forskrift.

0 Føyd til med lov 15 des 2000 nr. 89 (f o m eigedomsskatteåret 2001), endra med lov 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013), endra paragrafnummer frå § 8A-4, endra med lov 27 mai 2016 nr. 14 (ikr. 1 jan 2017 iflg. res. 27 mai 2016 nr. 531).

1 Lov 27 mai 2016 nr. 14.

### § 8 C. Alternativ verdsetjing av bustader

0 Føyd til med lov 7 des 2012 nr. 73 (f o m skatteåret 2014).

#### § 8 C-1. Verdsetjing av bustader ved bruk av formuesgrunnlag

(1) Kommunestyret avgjer om eigedomsskatten for bustader skal bygge på verdet (taksten) som vert sett på eigedomen ved fastsetjinga av formues- og inntektsskatt året før skatteåret.<sup>1</sup> Skattegrunnlaget for slike bustader skal rekna ut etter reglane i denne paragraf.

(2) Skattegrunnlaget for bustader vert sett til verdet (taksten) etter skatteloven<sup>2</sup> § 4-10 andre ledd multiplisert med 0,8. Prosentdelen som nemnd i skatteloven § 4-10 andre ledd tredje punktum, skal likevel vere 100 for primærbustad og sekundærbustad.

(3) Er verdet (taksten) for bustader sett ned ved fastsetjinga etter skatteloven<sup>2</sup> § 4-10 første ledd andre eller tredje punktum, utgjer skattegrunnlaget det justerte verdet multiplisert med 2,67 for primærbustad og 0,83 for sekundærbustad.

(4) Skattegrunnlaget som nemnd i andre og tredje ledd skal setjast ned med reduksjonsfaktoren som er nyttå ved taksering etter § 8 A-3, jf. § 8 A-2.

(5) Nærare reglar om utfylling og gjennomføring av denne paragrafen vert fastsett av departementet i forskrift.

0 Føyd til med lov 7 des 2012 nr. 73 (f o m skatteåret 2014), endra med lover 7 des 2012 nr. 73 (f o m skatteåret 2015), 13 des 2013 nr. 111 (f o m skatteåret 2016), 19 des 2014 nr. 75 (med vernad frå skatteåret 2017), 18 des 2015 nr. 110 (med verknad frå skatteåret 2017), 27 mai 2016 nr. 14 (ikr. 1 jan 2017 iflg. res. 27 mai 2016 nr. 531), 21 juni 2017 nr. 86 (med verknad frå skatteåret 2017), 18 des 2015 nr. 110 (ikr. 1 jan 2018 med verknad frå skatteåret 2018), som endra med lov 21 juni 2017 nr. 85. Vert endra med lov 21 juni 2017 nr. 76 (med verknad frå skatteåret 2019).

1 Jf. § 1 (2).

2 Lov 26 mars 1999 nr. 14.

§ 9. Vert ein eigedom riven eller øydelagd før 1 januar i skatteåret,<sup>1</sup> skal det gjevest eit førebels frådrag i skatten etter skjøn. Seinare vert eigedomsskatten utrekna etter det verdet som eigedomen vert sett i ved fastsetjinga av formues- og inntektsskatt i skatteåret. Føresegrnene i § 8 B-1, andre leden, gjeld på tilsvarende måte.

0 Ikr. 1 jan 2001 med verknad for anlegg for produksjon av elektrisk kraft iflg. res. 17 juli 1998 nr. 613 med endringar 16 okt 1998 nr. 955, 1 des 2000 nr. 1195, 30 nov 2001 nr. 1320 og 27 juni 2003 nr. 799. Sjå § 33. Endra med lover 7 des 2012 nr. 73 (f o m skatteåret 2013), 27 mai 2016 nr. 14 (ikr. 1 jan 2017 iflg. res. 27 mai 2016 nr. 531).

## Vedlegg 3 til KSEs veileder om nye regler i eiendomsskatteloven fra januar 2019

1 Sjå § 1 (2).

### 4. kapitlet. - Skattesatser.

**§ 10.** Kommunestyret fastset kvart år i samband med budsjettet<sup>1</sup> kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for det komande skatteåret.<sup>2</sup>

1 Jf. lov 25 sep 1992 nr. 107 § 45.

2 Sjå § 1 (2).

**§ 11.** <sup>1</sup> Eigedomsskatten skal vera minst kr <sup>2</sup> og ikkje meir enn kr 7 for kvar kr 1.000 av takstverdet.<sup>2</sup>

Kommunestyret kan fastsetje botnfrådrag<sup>3</sup> i eigedomsskatten for alle sjølvstendige bustaddelar i faste eigedomar som ikkje vert nytta i næringsverksemد.

0 Endra med lover 5 feb 1993 nr. 28, 16 juni 2006 nr. 25 (f o m skatteåret 2007).

1 Jf. § 12, § 13 og § 30.

2 Jf. § 8A-2.

3 Jf. § 13 (1) fjerde og femte punktum.

**§ 12.** Kommunestyret kan fastsetja ulike skattøyre for:

- a) Bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar.<sup>1</sup>
- b) Grunneigedomar som det står hus på, og huslause grunneigedomar.<sup>2</sup>
- c) Bygningar og grunn.
- d) Avgrensna område som nemnde i § 3.
- e) Opphevet.

0 Endra med lov 5 feb 1993 nr. 28. Vert endra med lov 19 des 2017 nr. 118 (med virkning frå skatteåret 2019).

1 Jf. § 13 (1) fjerde punktum.

2 Jf. § 13 (1) tredje punktum.

**§ 13.** <sup>1</sup> Første året det vert utskrive eigedomsskatt i ein kommune, må skatten ikkje vera større enn kr <sup>1</sup> av kvart kr 1.000 av takstverdet. Seinare kan skatten ikkje i noko år aukast med meir enn kr <sup>1</sup> for kvart kr 1.000. Skatten kan likevel aukast med kr 3 for kvart kr 1.000 for huslause grunneigedomar. Skatten kan aukast med kr <sup>2</sup> for kvart kr 1.000 for eigedomar som nemnde i § 12 bokstav a same år som kommunen innfører botnfrådrag<sup>2</sup> i eigedomsskatten. Skattøyret kan ikkje aukast same år som botnfrådrag fell bort. Derimot kan eigedomsskatten setjast ned til dei nemnde minstegrensene frå eit år til det neste utan omsyn til kor høg skattesatsen er frå før.

Ved første gongs utskriving på bustader og fritidsbustader som følgje av overgang til nytt utskrivingsalternativ skal skatten for slik eigedom vere kr <sup>1</sup> for kvart kr 1000 av takstverdet. Reglane i første ledene andre punktum flg. gjeld tilsvarande.

Får ein kommune nye grenser, skal reglane i første ledene ikkje vera til hinder for at det på eigedomar i område som kjem med i kommunen, vert skrive ut eigedomsskatt etter same satsar som før utvidinga.

0 Endra med lover 5 feb 1993 nr. 28, 16 juni 2006 nr. 25 (f o m skatteåret 2007), 17 juni 2016 nr. 35 (ikr. 1 jan 2017). Vert endra med lov 19 des 2017 nr. 118 (med virkning frå skatteåret 2019).

1 Sjå § 30.

<sup>2</sup> Merknad: Må bli endret til «kr 1» - i tråd med endringen i § 13

## Vedlegg 3 til KSEs veileder om nye regler i eiendomskattelova fra januar 2019

2 Jf. § 11 (2).

### 5. kapitlet. - Utskriving av skatten.

**§ 14.** Eigedomsskattekontoret<sup>1</sup> skriv ut eigedomsskatten.

Skatten skal så langt råd er, vera utskriven før 1 mars i skatteåret.<sup>1</sup> Første året kommunen nyttar botnfrådrag i eigedomsskatten<sup>2</sup> er det likevel tilstrekkeleg at skatten så langt råd er, vert utskriven før 1. april i skatteåret. Første året det vert skrive ut eigedomsskatt i ein kommune, må allmenn taksering og utskriving vere avslutta innan utgangen av juni i dette året. Dette gjeld likevel ikkje for moglege overtakstar.

Kvar skattesum skal rundast av nedover til nærmeste heile krone.

Vert skatten for ein eigedom mindre enn kr. 50, skal det ikkje skrivast ut skatt.

Samstundes med at skattelista vert utlagd (sjå § 15), skal det sendast skattesetel til eigaren (skattytaren).

0 Endra med lover 5 feb 1993 nr. 28, 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013).

1 Sjå § 1 (3).

2 Jf. § 11 (2).

**§ 15.** Eigedomsskattekontoret<sup>1</sup> fører ei eigedomsskatteliste (hovudliste) der alle skattlagde faste eigedomar i kommunen vert førde opp, og like eins verdet deira. I lista skal og stå kva for skattesatsar som er nytta og kor stor den utskrivne skatten for kvar eigedom er. I ei tilleggsliste skal dei eigedomane førast opp som er fritekne for eigedomsskatt.<sup>2</sup> Eigedom med både skattlagd del og friteken del førast med kvar sin respektive del i dei to listene.

Eigedomsskattelista skal liggja ute til offentleg gjennomsyn i minst 3 veker etter at det er kunngjort at lista er lagd ut.

Avskrift av skattelista vert sendt kommunekasseraren og kommuneettersynet.

0 Endra med lov 7 des 2012 nr. 73 (f o m skatteåret 2013).

1 Sjå § 1 (3).

2 Jf. §§ 5-7.

**§ 16.** (Oppheva med lov 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013).)

**§ 17.** Er det i strid med føresegnene i denne lova ikkje skrive ut eigedomsskatt, eller er det skrive ut feil skatt, kan utskrivinga rettast i samsvar med dei skattesatsane og reglane som galdt for vedkomande år.

Når eigedomsskatt ikkje er skriven ut, eller er skriven ut med for låg sum av di taksten er feil, kan utskrivinga rettast berre så langt det følgjer av dei allmenne fristane i denne føresegna. Taksten kan likevel rettast for seinare skatteår utan omsyn til desse fristane.

Retten til å retta utskrivinga slik at det går ut over eigaren (skattytaren), er spilt om retten ikkje vert nytta innan 1. mars året etter utskrivinga. Har feilen samanheng med at eigaren har brote plikta til å gje opplysningar eller medverke til synfaring etter § 31, kan utskrivinga likevel rettast innan 3 år frå utgangen av skatteåret. Det same gjeld dersom det er skrive ut eigedomsskatt i strid med føresegnene i denne lova, eller det er skrive ut for høg skatt.

Når taksten byggjer på verdet som er satt ved fastsetjinga av formues- og inntektsskatt, skal utskrivinga rettast berre så langt fastsetjinga vert brigda etter skatteforvaltningsloven<sup>1</sup> § 9-4, kapittel 12 eller kapittel 13. Fristane for retting etter skatteforvaltningsloven § 12-6 gjeld då tilsvarande for eigedomsskatten.

0 Endra med lover 13 juni 1980 nr. 25, 22 juni 2012 nr. 44 som endra med lov 7 des 2012 nr. 79 (f o m skatteåret 2013), 27 mai 2016 nr. 14 (ikr. 1 jan 2017 iflg. res. 27 mai 2016 nr. 531).

## Vedlegg 3 til KSEs veileder om nye regler i eiendomsskatteloven fra januar 2019

1 Lov 27 mai 2016 nr. 14.

**§ 18.** Skattekontoret<sup>1</sup> skal gjeva egedomsskattekontoret<sup>2</sup> alle opplysningar det ligg inne med og som trengst til utskriving av egedomsskatten.<sup>3</sup>

0 Ikr. 1 jan 2001 med verknad for anlegg for produksjon av elektrisk kraft iflg. res. 17 juli 1998 nr. 613 med endringar 16 okt 1998 nr. 955, 1 des 2000 nr. 1195, 30 nov 2001 nr. 1320 og 27 juni 2003 nr. 799. Sjå § 33. Ikr. 27 sep 2013 med verknad for boliger som verdsettes etter § 8C iflg. res. 27 sep 2013 nr. 1142. Endra med lov 29 juni 2007 nr. 50 (ikr. 1 jan 2008 iflg. res. 7 des 2007 nr. 1370).

1 Jf. sktfvl. § 2-1.

2 Jf. § 1 (3) og § 14.

3 Jf. sktfvl. § 3-3 (1), a.

## 6. kapitlet. - Administrativ<sup>1</sup> og rettsleg prøving.

1 Jf. § 31.

**§ 19.**<sup>1</sup> Skattyren kan klage på den utskrivne egedomsskatten. Klaga må gjevast inn skriftleg til egedomsskattekontoret<sup>2</sup> innan seks veker frå det seinaste tidspunktet av den dagen det vart kunngjort at egedomsskattlista var utlagd<sup>3</sup> eller dagen skattesetelen vart sendt i samsvar med § 14. Klage over verdet kan bli fremja kvart år i samband med den årlege utskrivinga av egedomsskatt,<sup>4</sup> dersom det ikkje er klaga på same grunnlag tidlegare år.

For anlegg for produksjon av elektrisk kraft<sup>5</sup> og bustader som vert verdsette etter § 8 C, kan klaga ikkje gjelda det verdet som er sett på egedomen ved fastsettjinga av formues- og inntektskatt, jf. skatteforvaltningsloven<sup>6</sup> § 13-2 fjerde ledd.

Er egedomen bortleid og skal leigaren svara egedomsskatten, har leigaren likevel høve til å klaga over det verdet som ligg til grunn for egedomsskatten.<sup>7</sup> Klaga må vera sett fram for skattekontoret,<sup>8</sup> innan fristen som er nemnd i første leden. Avgjerd i klagesaka får verknad også for formueslikninga åt eigaren.<sup>9</sup>

0 Endra med lover 29 juni 2007 nr. 50 (ikr. 1 jan 2008 iflg. res. 7 des 2007 nr. 1370), 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013), 7 des 2012 nr. 73 (f o m skatteåret 2014), 27 mai 2016 nr. 14 (ikr. 1 jan 2017 iflg. res. 27 mai 2016 nr. 531).

1 Sjå § 33 (2).

2 Sjå § 1 (3).

3 Jf. § 15.

4 Jf. kap. 5.

5 Jf. § 8 B.

6 Lov 27 mai 2016 nr. 14.

7 Jf. § 33.

8 Sjå sktfvl. § 2-1.

9 Siste punktum er truleg ein inkurie, for den samme ordninga av verdsettjingane som var føresetnaden, er ikkje gjort.

**§ 20.** Klage vert avgjort av ei nemnd som kommunestyret vel, dersom ikkje kommunen tar klagen til følge. Kommunestyret kan anten opprette ei eiga nemnd til å ta seg av oppgåvane eller leggje oppgåvane til ei anna kommunal nemnd.<sup>1</sup>

0 Endra med lover 5 juni 1987 nr. 25, 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013).

1 Jf. lov 25 sep 1992 nr. 107 § 10. Sml. fvl. § 28 (2).

**§ 21.**<sup>1</sup> Medlem i formannskapet kan ikkje vere med i egedomsskattenemnder.

## Vedlegg 3 til KSEs veileder om nye regler i eiendomskattelova fra januar 2019

0 Endra med lover 13 juni 1980 nr. 25, 5 juni 1987 nr. 25, 29 juni 2007 nr. 81 (ikr. 1 jan 2008 iflg. res. 23 nov 2007 nr. 1287), 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013).

1 Sjå § 33.

**§ 22.** (Oppheva med lov 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013).)

**§ 23.** Føresegnene i skatteforvaltningsloven<sup>1</sup> § 15-4 første ledd og § 15-6 første og andre ledd og skatteinntakslagen<sup>2</sup> § 17-1 fjerde og femte ledd gjeld på tilsvarende vis for søksmål og tvistar for tingretten i sak om tvangsføring og mellombels sikring om egedomsskatt. Kommunen er part i saker om egedomsskatt.

Fristane i førre ledet gjeld tilsvarende for kommunen. Kommunen må rette søksmål mot leiaren av klagememnda.<sup>3</sup> Skattytaren skal varslast om søksmålet.

0 Endra med lover 20 des 1993 nr. 133, 30 aug 2002 nr. 67 (ikr. 1 jan 2003 iflg. res. 30 aug 2002 nr. 938), 17 juni 2005 nr. 67 (ikr. 1 jan 2009 iflg. res. 21 des 2007 nr. 1616), 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013), 27 mai 2016 nr. 14 (ikr. 1 jan 2017 iflg. res. 27 mai 2016 nr. 531).

1 Lov 27 mai 2016 nr. 14.

2 Lov 17 juni 2005 nr. 67.

3 Sml. sktbl. § 15-3 (3).

## 7. kapitlet. - Oppgjerd og innkrevjing.

**§ 24.** Egedomsskatten skal svarast til skatteinnkrevjaren<sup>1</sup> i den kommunen der skatten er utskrivne.<sup>2</sup>

1 Sml. sktbl. § 2-1.

2 Jf. § 14.

**§ 25.** Egedomsskatten skal ytast i terminar så som kommunestyret fastset.

Skatteinnkrevjaren<sup>1</sup> kan i særlege høve gjeva utsetjing.

Egedomsskatten skal ytast til fastsett tid og med dei summane som først er fastsette, endå om det er sendt inn klage over utskrivninga<sup>2</sup> eller utskrivningsgrunnlaget,<sup>3</sup> eller dei står under prøving for ein klageinstans eller domstolane.<sup>4</sup>

1 Sml. sktbl. § 2-1.

2 Sjå § 19.

3 Sjå § 8.

4 Sml. sktbl. § 10-1.

**§ 26.** Av egedomsskatt som ikkje er oppgjord seinast rette betalingsdagen, eller vert betalt attende, skal det svarast rente i samsvar med reglar som departementet gjev.

0 Endra med lover 12 juni 1987 nr. 42, 21 des 1990 nr. 64, 20 des 2016 nr. 107.

**§ 27.** Forfalt egedomsskatt er sikra med lovpant i egedomen etter pantelova<sup>1</sup> § 6-1. Kravet er også tvangsgrunnlag for utlegg.<sup>2</sup> Egedomsskatten kan krevjast inn av kommunekasseraren etter reglane for innkrevjing av skatt.<sup>3</sup>

0 Endra med lover 8 feb 1980 nr. 2, 26 juni 1992 nr. 86, 17 juni 2005 nr. 67 (ikr. 1 jan 2009 iflg. res. 21 des 2007 nr. 1616).

1 Lov 8 feb 1980 nr. 2.

## Vedlegg 3 til KSEs veileder om nye regler i eiendomsskattelova fra januar 2019

2 Jf. tvangsl. § 7-2, e.

3 Sjå sktbl.

### 8. kapitlet. - Ymse føresegner.

**§ 28.** Gjer særlege grunnar at det kom til å verta særers urimeleg om heile eigedomsskatten vart innkravd, kan skatten setjast ned eller ettergjevest av formannskapet.<sup>1</sup>

0 Endra med lover 17 juni 2005 nr. 67 (ikr. 1 jan 2009 iflg. res. 21 des 2007 nr. 1616), 19 juni 2009 nr. 51.

1 Sml. sktbl. kap. 15.

**§ 29.** Forvaltningslova<sup>1</sup> gjeld for førehaving av eigedomsskattesaker med dei særskilde reglane som er gitt i denne lova.

Reglane i skatteforvaltningsloven<sup>2</sup> kapittel 3 om teieplikt gjeld på tilsvarende måte for tenestemenn og nemndmedlemmer som er med på å skriva ut eigedomsskatt i staden for reglane om teieplikt i forvaltningslova.<sup>1</sup>

Forvaltningslova<sup>1</sup> § 11 d andre ledd andre punktum gjeld ikkje for tenestemenn som tar del i synfaring i samband med taksering.

Forvaltningslova<sup>1</sup> § 24 gjeld ikkje for den årlege utskrivninga av eigedomsskatt.

Forvaltningslova<sup>1</sup> § 25 gjeld ikkje for vedtak om takst eller overtakst. I staden for gjeld eit krav om stutt grunngjeving for avgjerala.

Spørsmålet om dekning av sakskostnader blir avgjort av eigedomsskattekontoret når klagenemnda har endra eit vedtak til gunst for skattytar. Avgjerala kan klagast inn for klagenemnda.

0 Endra med lover 13 juni 1980 nr. 25, 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013), 27 mai 2016 nr. 14 (ikr. 1 jan 2017 iflg. res. 27 mai 2016 nr. 531).

1 Lov 10 feb 1967.

2 Lov 27 mai 2016 nr. 14.

**§ 30.** Reglane i § 13 er ikkje til hinder for at det i eigedomsskatt vert utskrive minst det same som sist vart utskrive etter reglane i landskattelova.<sup>1</sup>

For Det Kongelege Myntverket skal eigedomsskatten kvart år vera kr. 20.000.

1 Lov 18 aug 1911 nr. 8 (opph.).

**§ 31.** Plikt til å gje opplysningar og medverke til synfaring

(1) Eigedomsskattekontoret<sup>1</sup> kan påleggje eigaren (skattytaren) å gje særskilde opplysningar som trengst til utskriving av eigedomsskatten.

(2) Eigar (skattytar) og brukar av ein eigedom har plikt til å medverke til synfaring av eigedomen ved taksering etter § 8 A-3.

(3) Eigedomsskattekontoret kan setje frist for å gje opplysningar eller yte medverknad etter nr. 1 og nr. 2. Fristen skal ikkje vere kortare enn fire veker.

(4) Ved brot på pliktene etter nr. 1 eller nr. 2 kan eigedomsskattekontoret påleggje eigaren (skattytar) forseinkingsavgift. Avgifta vert sett på grunnlag av eigedomens skattegrunnlag. Avgifta skal vere:

- a. 0,5 promille av skattegrunnlaget når forseinkinga ikkje er over ein månad,
- b. 1 promille av skattegrunnlaget når forseinkinga er over ein månad.

### **Vedlegg 3 til KSEs veileder om nye regler i eiendomsskattelova fra januar 2019**

Avgifta skal ikkje vere lågare enn 200 kroner, og skal når forseinkinga ikkje er over to månader, ikkje vere over 10 000 kroner. Avgifta skal gå til kommunen. Avgift skal ikkje påleggjast når fristoversetjinga er unnskylddeleg på grunn av sjukdom, alderdom, manglande røynsle eller annan grunn.

(5) Eigedomsskattekontoret eller dei som utfører takseringa for kommunen, har rett til å ta fotografi av eigedomen til bruk for takseringa.

0 Endra med lov 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013).

1 Jf. § 1 (3).

**§ 32.** Vedkomande departement kan gjeva reglar til utfylling og gjennomføring av lova og fastsetja skjema og liknande som departementet meiner trengst.

**§ 33.** Denne lova, bortsett frå §§ 8, 9, 17 andre leden, og 18-22 tek til å gjelda 1 januar 1976 og får verknad første gongen ved utlikning- og utrekning av eigedomsskatt for skatteåret 1976. Frå same tid held § 6 i lov frå 11 juli 1947 nr. 8 og lov frå 4 mars 1960 om tillegg til skattelovene for landet og byane frå 18 august 1911 opp å gjelda, sjå likevel andre leden.

§§ 8, 9, 17 andre leden, og 18-22 i denne lova tek til å gjelda frå den tid<sup>1</sup> som vert fastsett av Kongen.

0 Endra med lover 16 des 1977 nr. 93, 14 des 2007 nr. 101, 22 juni 2012 nr. 44 (f o m skatteåret 2013).

1 Frå 1 jan 2001 med verknad for anlegg for produksjon av elektrisk kraft, iflg. res. 17 juli 1998 nr. 613 med endringar 16 okt 1998 nr. 955, 1 des 2000 nr. 1195, 30 nov 2001 nr. 1320 og 27 juni 2003 nr. 799. Etter seinare endringar av desse lovføresegnene er dei no alle ikkje, utan etterhald, fråsett §§ 8 og 22, som er oppheva, og § 19 (3) første og tredje punktum.